



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Deres ref

Vår ref  
2024/5557-TOVSTDato  
03.06.2024

## Høyringssvar - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning og forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning

### Innleiing

Universitetet i Bergen viser til høyringsbrev datert 23. april 2024 om framlegg til endringar i to forskrifter som er relevante for lektorutdanningsprogramma og PPU, og takkar for høvet til å gi høyringssvar. Saka har vore på internhøyring på relevante fakultet ved UiB, og har vore drøfta i programstyret for lektorutdanning ved UiB. Vi gir tilbakemelding til dei spørsmåla som spesifikt omhandlar vår verksemd.

### ProsesSEN

Høyringsdokumenta er sendt frå Kunnskapsdepartementet før Stortinget har handsama stortingsmeldingane som ligg til grunn for høyringa. At så stortingshandsaminga av meldingane skjer i løpet av høyringsperioden, og er ferdig før høyringsfristen for denne saka er uheldig. I tillegg har departementet i høyringsprosessen kopla til søknadsprosedyrar for ei dispensasjonsordning for institusjonar som alt frå hausten 2024 ønskjer å prøve ut dei nye ordningane dvs. ordningar som skal kome i forskrifter som enno ikkje er vedtekne. Vi registrerer også at søknadsfristen for dispensasjonsordninga er sett før høyringsfristen, og kjem før nye forskrifter er på plass.

Vi vil påpeike at det er uheldig med strukturelle endringar, som inkluderer eit nytt lærarutdanningsprogram (PPU-master), utan at slike endringar blir sett inn i ein større samanheng og blir kopla til regjeringa sitt eige pågående arbeid for å gjere styringa av lærarutdanningane meir overordna.

### Endring i nivåkrav ved opptak til lærarutdanningar: karaktergrunnlaget

UiB ser på karakterkrav til lærarutdanningane som eit tiltak for å fremje kvalitet og gjennomføring. Ei senking av karakterkrav kan gje negative utslag på kvalitet og vere med på å svekkje statusen til lærarutdanningane generelt, og dermed òg rekrutteringa. Difor vil UiB ikkje støtte framlegg frå regjeringa om fritak frå karakterkrav, slik dei kjem fram i pkt. 2.4 i høyringsdokumentet. Det er vidare uklårt kva for kompensatoriske tiltak som kan bidra til å ta vare på dei omsyna som er knytte til karakterkrav.

## **Endring i nivåkrav ved opptak til lærarutdanningar: masterkrav**

UiB meiner prinsipielt at lærarutdanningane skal vere på masternivå, og at det difor òg skal vere masterkrav for opptak til PPU-studiet. Lærarutdanningar og lektorutdanningar på masternivå bidreg til meir kvalitet og fordjuping i disiplinfag, profesjonsfag og praksisstudiet, og bidreg til å auke kvaliteten i skulen.

På generelt grunnlag vil UiB såleis ikkje støtte tiltak som går imot prinsippet om lærarutdanningar skal vere masterutdanningar. Difor er UiB skepsisk til framlegget frå regjeringa om at ein kan kome inn på PPU-A med bachelorgrad og toårig arbeidserfaring frå skulen. På den positive sida viser Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet til at realfagsundervisarar i mellombelte stillingar på denne måten kan få moglegheit til å tilegne seg formell lærarutdanning og fast stilling. UiB har elles ingen merknader til framlegget om unntak for opptak til PPU i praktiske og estetiske fag.

## **Innføring av toårig PPU-master**

Framlegget om toårig PPU-master er eit bidrag for å gjere det eksisterande studieløpet for dei som i dag tek PPU, kortare. Desse studentane vil få eitt år kortare disiplinfagleg del på masternivået enn kva tilfellet er i dag der studentane tek eitt år mastergrad + eitt år PPU. Samanlikna med lektorprogramma er hovudskilnaden at integrasjonen mellom disiplinfag, profesjonsfag og praksis berre skal skje på masternivå og ikkje på bachelornivå, at det er mindre disiplinfag på masternivå, og at det er vesentleg mindre praksis.

UiB er innforstått med at framlegget om PPU-master er sett fram som supplement til andre lærarutdanningar. Samtidig byr framlegget om PPU-master på fleire dilemma og utfordringar som ikkje er drøfta i høyringsteksten.

Vi er usikre på kva for rekrutteringspotensial som ligg i dette studiet, og om eit slikt program vil rekruttere studentar som elles ikkje ville ha teke lærar- eller lektorutdanning. Tvert imot ser vi ein reell fare for at PPU-master vil rekruttere studentar som elles ville ha teke femårige lærarutdanningsprogram. PPU-master blir eit lettare lærarutdanningsprogram enn dei eksisterande programma, med bl.a. kortare praksis, og kan difor framstå som attraktivt for nokre studentgrupper. Men dersom ein rekrutterer frå dei integrerte programma, vil ein ikkje ha løyst dei overordna rekrutteringsutfordringane som er høgst reelle.

UiB stiller vidare spørsmål ved om kor mange ulike lærarutdanningsprogram det faktisk er behov for i Noreg. Vi ser ein risiko for at lærar- og lektorutdanninga samla sett kan bli endå meir fragmentert og uoversiktleg, og at det ikkje vil fremje rekruttering. Vi ønskjer difor betre kunnskapsgrunnlag og konsekvensanalysar før det blir innført endå ei ny form for lærarutdanning.

## **Rekruttering og gjennomføring**

UiB har som prioritert målsetnad å auke rekrutteringa til lærar- og lektorutdanningar. Den viktigaste faktoren for at det skal skje, er at lærar- og lektoryrket blir meir attraktivt. Det handlar i sin tur om faktorar som har å gjere med tilhøve i skulen og arbeidsmarknaden.

Samtidig har vi som utdanningsinstitusjon ansvar for å gjere det vi kan for å rekruttere nye studentgrupper. UiB har derfor sett i verk fleire tiltak for å få det til, i tillegg til at vi har eit fokus på å betre gjennomføringa i dei eksisterande programma, og vi ser at det har gitt effekt.

Venleg helsing

Margaretha Hagen  
rektor

Tore Tungodden  
universitetsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*